

Rosendal, 24.08.2023.

Til Statnett

Kopi: NVE

Viser til Statnett si orientering til Kvinnherad kommunestyre 22 juni 2023.

Kommunestyret fekk ei brei orientering om lokalt prosjekt for oppgradering av linjenettet og moglege konsekvensar av dette. Vi er og klar over at Statnett i åra framover har planar for fleire tiltak i kommunen vår, desse vart ikkje omtala i orienteringa.

Den første konsesjonssøknaden vil etter det vi erfarer bli sendt til NVE i løpet av hausten 2023, då vil søknaden bli sendt på høyring og Kvinnherad kommune får høve til å uttala seg.

Vi vil allereie no opplyse om Kvinnherad sitt syn og be dykk førebu dykk på eit krav om utgreiing av fleire alternativ enn det konsesjonssøknaden legg opp til. Det er vanskeleg for Kvinnherad kommune å akseptere at det berre er luftspenn som blir lagt til grunn for konsesjonssøknaden.

For å korte ned prosessen vil det vere klokt av Statnett å starte utgreiing av andre alternativ til luftspenn for heile eller deler av traseen før ein sender søknad om konsesjon.

Kommunestyret i Kvinnherad vil allereie no gjere kjent følgjande:

1. Kvinnherad kommune motsett seg kraftliner i luftspenn gjennom kulturlandskapet i Rosendal og Folgefonna nasjonalpark.
2. Kvinnherad kommune oppmodar Statnett til å greie ut sjøkabel- og jordkabelalternativ som tek omsyn til pkt. 1.

Venleg helsing



Hilde Enstad, ordfører Ap

Kvinnherad Kommune
Ordføreren



Leif Sverre Enes, varaordfører H



Synnøve Solbakke,
Synnøve Solbakken, gruppeleiar Ap



Vegard Bjørnevik, gruppeleiar H
Vegard Bjørnevik



Senterpartiet
Gunnar Våge, gruppeleiar Sp
Gunnar Våge



Hege Lægreid Røssland, gruppeleiar SV
SILJE NORDVEIT OLSEN, SV
Silje N. Olsen



FrP
Ove Lemicka, gruppeleiar FrP
Ove Lemicka



KrF
Marit Årthun, gruppeleiar KrF
Marit Årthun



MDG
Jostein Saghaug, gruppeleiar MDG
Jostein Saghaug



Rødt
Gaute Lund, gruppeleiar R
Gaute Lund



VENSTRE
Synnøve Handeland, gruppeleiar V
Synnøve Handeland